

Innspel til stortingsmelding om dyrevelferd.

Underteikna er pensjonert husdyrbonde, tidlegare mangeårig medlem av lokal dyrevernsnemnd, og i dag spesielt oppteken av dyrevelferd frå dyra sin synsstad.

Eg vil presisere at alle vedtak som skal gjerast i samband med fagområdet dyrevelferd MÅ baserast på sjølve definisjonen av dyrevelferd, nemleg dyret si eiga oppfatning av tilværet.

Det uroar meg når eg kan observere at deltakarar i debattar om dyrevelferd ofte ser bort frå dette, og i staden byggjer standpunkta sine på kva dei sjølve trur at dyret opplever, eller kva dei sjølve trur må vere bra, ofte utan nødvendig kunnskap om kva val dyra vil gjere, eller evne/vilje til å lese dyra sine signal.

Det er grunnleggande viktig at alle tiltak i dyrevelferds-arbeidet set dyra i fokus og byggjer på grundige etologiske studiar, slik at ein verkeleg veit kva dyra føretrekkjer og korleis dei blir påverka av ulike faktorar. Om ein i staden prøver å få til løysingar som ser bra ut for utanforståande, risikerer ein å velje bort det som er det beste sett frå dyra sin ståstad, og får dermed redusert dyrevelferd i staden for, sidan dyr og menneske har ulikt syn på mange felt.

Eit klassisk døme er oppstalling av ku og kalv i mjølkeproduksjon, der mange argumenterer for at dei må plasserast saman, ut frå eit menneskeleg mor/barn-forhold, og dermed gløymer eller ikkje veit at det ikkje er kua sitt fyrsteval, men at ho i staden ynskjer å gøyme kalven og forlate han, omlag som rådyra gjer med kjea sine. I denne situasjonen må ein ta konsekvensen av dyra sine val og tilpasse oppstillinga etter det, i staden for å presse gjennom noko som ser bra ut frå menneske-ståstad, men som er meir negativt enn positivt for dyra.

Den nye dyrevelferdsmeldinga bør i det heile vere mest muleg fri for menneskelege vurderingar utan tilstrekkeleg basis i kunnskap om dyr. Det er til dømes ikkje sjølv sagt at dyr alltid vil trivast betre ute enn inne, og det er heller ikkje slik at dyr automatisk vil trivast betre di større areal dei disponerer, eller MÅ ha eit visst sett av faktorar for å kunne trivast. Dyr kan ikkje forstille seg, så om dei signaliserer trivsel i eit miljø, er det fordi dei trivst, enkelt nok, sjølv om ikkje alle tenkjelege ytre faktorar er til stades.

Graden av trivsel kan vere vanskeleg å avgjere for nokon utan god kunnskap om dyra sine signal, og det må igjen understrekast at eventuelle endringar må vere basert på eksakt fag-kunnskap. Den mest relevante kunnskapen finst hos etologar, ikkje veterinærar, og det bør vere eit mål å få fleire frå denne fag-gruppa inn i dyrevelferds-systemet i framtida.

Ein bør elles unngå relative ord som «trange binger» som er brukt i storingsvedtaket. Holdforskriftene byggjer på praktiske studiar av dyr, og det er fullt muleg at det som blir oppfatta som «trangt» av utanforståande, kan vere det som er optimalt, sett frå dyra si side.

Dyra må stå i fokus i ei melding om velferd for produksjonsdyr, men det er også naturleg å sjå på produsenten sin situasjon. Ein bør t.d vakte seg for å innføre krav og reglar som påfører store utgifter eller mykje ekstra-arbeid, om dyrevelferds-gevinsten er usikker eller marginal. Produsenten si velferd er i høgste grad med på å påverke dyra si velferd, som påpeika i storingsvedtaket, og derfor er dette noko av det viktigaste ein kan gjere for dyra – å ta vare på produsenten og legge til rette for at arbeidet med husdyr blir verdsett og til å leve med. Td kan overdrivne dokumentasjonskrav vere med på å redusere tida røktaren har til disposisjon for dyra, og det er ikkje bra, verken for dyre-eigar eller dyr.

Kort om avlivingsmetodar, sidan det er konkret nemnt i stortingsvedtaket: Her må hovud-prinsippet vere at det for all framtid skal vere lovleg å avlive dyr til mat, med godkjende metodar som gjev høg sum av dyrevelferd. Målet må enkelt sagt vere at så mange som muleg av dei aktuelle dyra døyr så raskt som muleg, med så lite førehands-stress som muleg.

Metodane som skal brukast må vurderast opp mot kvarandre etter desse kriteria, av fagfolk på dyrs fysiologi og etologi, med grundig kjennskap til tilgjengelege metodar. Det blir derfor feil om styresmakter utan slik kompetanse skal gå inn og vurdere eller forby enkelt-metodar ut frå ein meir overflatisk kjennskap til dei. Ein bør også her unngå upresis ordbruk, som t.d. «kverning» av kyllingar – eit ord som for dei fleste vil gje assosiasjonar til ein langt langsamare prosess enn det maserasjon i realiteten er.

Konklusjon: Ei framtidig dyrevelferds melding må, så godt som råd, sjå forbi menneskeleg tankegang og byggje på grundige studiar av dyra sine signal, sidan ingen kan tenkje seg til dyrevelferd.

Sandane, 30.08.2022,

Aase R Sæther

Vedtak 382

Stortinget ber regjeringen se på insentiver som vil øke dyrevelferden i svinenæringen, særlig med hensyn til areal, underlag og miljøberikelse, og stille strengere krav til dyrevelferd ved oppgraderinger av driftsbygninger eller nybygg.

Vedtak 383

Stortinget ber regjeringa legge fram ei heilskapleg stortingsmelding om dyrevelferd som omfattar både produksjonsdyr i landbruket, kjæledyr og fiskeoppdrett, seinast i vårsesjonen 2023. Regjeringa vert beden om å greie ut og foreslå konkrete tiltak i meldinga både for betra dyrevelferd generelt og for spesifikke artar/grupper av dyr, herunder følgjande tema:

å greie ut korleis økonomiske verkemiddel i landbrukspolitikken kan innrettast på ein måte som løner god dyrevelferd.

å greie ut korleis norsk regelverk vil måtte endrast ved implementering av EU sitt varsla forbod mot hald av dyr i bur og trange bingar.

å greie ut Mattilsynet sin kontroll- og rettleiingsfunksjon og trong for ressursar for å sikre tilstrekkeleg oppfølging av dyrevelferden i landbruket.

å greie ut merkeordningar som gjer det lettare for forbrukaren å velje dyrevenlege produkt. Ei slik merkeordning kan vere statleg eller privat.

å greie ut korleis grisar kan sikrast betre tilgang til uteareal, til dømes gjennom tilskots- eller merkeordningar, eventuelt gjennom endringar i lovverket.

Vedtak 384

Stortinget ber regjeringa sørge for at det vert forska på alternativ til CO₂-bedøving av dyr i slakteri og kverning av hanekvillingar (maserasjon), med mål om at det vert innført betre metodar for avliving, og at det nå sikt kan innførast eit

